

Kvalvågen 27.04.23

Austrheim Kommune

Søknad om kulturmidlar (KF- 109A – 1264) ref: VDWI3R

Neptun Seniorklubb har sendt inn godkjent skjema om tildeling av kulturmidlar. For nokre av svara trur eg likevel det kan vera bra med litt tilleggsopplysningar.

Oppførte medlemmer.

Aktive,                    80 stk. Dette er dei som betalar årskontingent.

Passive,                 16 stk. Dette er dei som er over 85 år og fritekne for kontingent.

Støttemedlemmer: 26 stk. Dette er registrerte etterlatne og fritekne for kontingent. Denne gruppa vert alltid inviterte til medlemskveldar der me har underhaldning, og til andre tilstelningar som t.d. førjulsfest og turar.

Rekneskap.

Skjema Årsrekneskap 2022 Neptun Seniorklubb. Dette er rekneskap for drifta av klubben.

Skjema Årsrekneskap 2022 Neptun Seniorklubb – Driftskonto er eit frittstående rekneskap for bautaprojektet i Selsøy og Leirvågen. Til dette projektet har me fått tilskott frå Sparebanken Vest på kr. 70.000,- og frå Forsvarsdept. på kr. 100.000,-. Fullstendig rekneskap må sendast innan 25.03.25.

Me oppretta derfor eigen kto. og eige rekneskap for dette projektet, og er svært restriktive på at uttak frå denne kto. skal være direkte relatert til dette projektet.

Om det skulle vere noko er det berre å ta kontakt.

Beste helsing

Idar Hopland

Leiar Neptun Seniorklubb